



Rektor Vidar Haugland ønskjer Herøysund-elevar velkommen til Uskedalen.

Skal Uskedalen skule greia ta mot alle eller ein god del av elevane frå Bringedalsbygda, må skulen utbyggjast. Denne konklusjonen kan dragast etter at Kvinnherad kommunestyret torsdag vedtok å leggja ned Skarveland og Bringedalsbygda skular. Det vart då vedteke at born tilhøyrande barnetrinnet frå Bringedalsbygda kan velja mellom å gå på Undarheim eller Uskedalen skule.

Rektor Vidar Haugland ved Uskedalen skule synst det er eit litt håplaut vedtak. Det gjeld utfrå både planleggjing og utbyggjing. Det eine ytterpunktet kan vera at alle 66 Herøysundelevarne vil velja Uskedalen som opplæringsstad, eller kanskje ingen av dei. Om elvane deler seg på dei to skulane, kan det vera øydeleggjande for bygdemiljøet i Herøysundet, trur Haugland.

Over 170 elevar

Til neste år vil det vera 106 Uskedalselevar. Kjem alle frå Bringedalsbygda til skulen i Uskedalen, vil talet totalt passera 170 elevar. Det vil det ikkje vera plass til i Uskedalen med dagens skulebygning. I eit slikt tilfelle vil det verta 31 elevar i 1. klasse, 23 i 2., 28 i 3., 23 i 4., 26 i 5., 22 i 6. og 22 elevar i 7. klasse i alt 172 elevar. Slike tal vert det derimot kanskje ikkje i Uskedalen, men derimot er delingsvedtaket usikkert..

Vidar Haugland ser at ein skule opp mot 170 elevar kan verta ein god skule; kanskje betre enn med vel hundre elevar. Fagmiljøet vil verta endå betre. Det same kan skje med undervisninga. Det vert fleire å "spela" på. Vennemiljøet kan også utvidast. Nokon stor skule kan i alle fall ikkje ein skule med 170 elevar å vera.

Stappfulle klasserom

Men når det gjeld klasseromma, er det stappfulle når det er 23-24 elevar i kvart av dei, så her vil det i alle høve verta vanskar med store klassar. Det same gjeld på personellsida med lærarrom, arbeidsrom og lærartoalett. Utetilhøva er godt rusta til å ta mot så mange elevar med både det heilt skulenære og grusbanen. Uskedalen skule stod i 2007 først på lista over opprusting av skulane i Kvinnherad, hevdar Haugland. Så kom skulestrukturarbeidet, og no er Uskedalen hamna på fjerdeplass på prioriteringslista til kommunen. Og med den utbyggingsfarten som er i Kvinnherad, vil det ikkje verta gjort noko med Uskedalen skule før tidlegaste 2012.

Men gjennomføringa av dette vedtaket med flytting av Herøysundborna, må føra til ei forsering og omprioritera av utbyggjinga skulen i Uskedalen. Det kan ikkje trykkjast inn mange nye elevar der, meiner Haugland. Er det mange frå Herøysundet som vil til Uskedalen, må ein rekna med at dei må gå på skulen i Herøysundet til 2013 i påvente av utbyggjinga.

Kva vel elevane?

Det kan vi "lesa" av budsjettframlegget. Elles må ei rask opprustning koma, konkluderer Haugland, som synest vedlikehalds- og reingjeringspersonale har halde den over førti år gamle skulen i bra stand.

-Kva trur du elevane frå Bringedalsbygda vil velja?

-Det er ikkje godt å seia. Eg trur mange av dei ønskjer å køyra på ut til Husnes. Her høyrer dei til mellom anna kyrkjemessig, og Herøysundelevene har gått på ungdomsskulen der. Skal dei velja, trur eg svært mange kjenner dei høyrer meir til der.

Ungdomsskule

Når det gjeld ungdomsskulen, kan vel vedtaket også føra til at Herøysundelevene kan enda i Rosendal saman med born frå Uskedalen. I vedtaket heiter det at kringgrensene mellom Undarheim, Bringedalsbygda og Uskedalen skal opphøyra. Det også kan vera øydeleggjande for bygdemiljøet i Bringedalsbygda.

Om det såleis også er meint at Uskedalsborn kan velja ungdomsskulen på Husnes, er derimot usikkert.

I alle høve vil rektor Haugland ønskja Bringedalselevane hjarteleg velkommen til Uskedalen. Her vil dei også koma til ein god skule, og dei skal kjenna seg godt heime og godt motteken! seier Vidar Haugland, og er spent på kva som vidare skjer og korleis den nye situasjonen vert takla framover.



Opprustinga av Uskedalen skule må forserast for å motta mange elevar frå Bringedalsbygda.